



Deloitte AS

Dato: 17.12.2014
Vår ref.: 2014/10495-15
Dykkar ref.:

Partsbrev - Bestilling av forvaltningsrevisjon

Saksprotokoll i kontrollutvalet - 15.12.2014

Handsaming i møte

Kontrollutvalet ønskjer at det vert gjennomført forvaltningsrevisjon innan «Rusførebyggande arbeid» og «Drift og vedlikehald av fylkesvegar».

Kontrollutvalet kom med desse momenta som bør gå inn i problemstillingar:

1. Rusførebyggande arbeid:

- Kva er gjort ved dei skulane der det er avdekt problem på området?
- Kva er gjort ved dei andre skulane?
- Korleis vert det samarbeidd med andre aktuelle aktørar på området?
 - Skulehelsetenesta
 - Politi
 - Nav – Sosial
 - Forskningsmiljø mv.
- Kvar meiner skulane sjølv dei har utfordringar?
- Kvar meiner elevane at utfordringane er?

2. Drift og vedlikehald av fylkesvegar:

- Oppfølging av tidlegare revisjon på vegområdet frå 2011
- Korleis få mest mogleg vedlikehald for pengane?
- Vert det skilt mellom drift og vedlikehald?
- Ras og flaum?
- Vert det gjort gode nok risikovurderingar og korleis vert dei dokumentert?
- Vintervedlikehald?
- Er bestillarkompetansen tilstrekkeleg?
- Er kontraktane gode nok?
- Vert kontraktane følgd opp på ein god nok måte?

Etter dette vart slikt vedtak samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Kontrollutvalet ønskjer at det vert gjennomført forvaltningsrevisjon innan «Rusførebyggande arbeid» og «Drift og vedlikehald av fylkesvegar».

2. Deloitte vert beden om å levere forslag til prosjektplanar i tråd med dei føringar utvalet har gjeve, inkl. føremål, problemstillingar, ev. avgrensingar og ressursbruk.
3. Forslag til prosjektplanar bes levert sekretariatet seinast innan 12.1.2015.
4. Utvalsleiar får fullmakt til å godkjenna endelege prosjektplanar i samråd med sekretariatet.

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Roald Breistein
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.

